

På lag med  
**framtida.**

**Sogndal Venstre**



**VENSTRE**  
Sogndal



# Valprogram 2020 - 2023

## Sogndal kommune - på lag med framtida

Nye Sogndal kommune har eit godt utgangspunkt for å lukkast i framtida. Sogndal er ein viktig regionsenterkommune og kjernen i bu- og arbeidsmarknadsregionen Sogn. Me har eit solid næringsliv, gode kommunale tenester, bu- og oppvekstvilkår, høg attraktivitet som reiselivsmål og studiestad - og me har mange engasjerte innbyggjarar.

Venstre vil ha eit grønt og nyskapande Sogndal. Noreg og mange andre land, organisasjonar og nærings-verksemder har sluttet seg til FNs bærekraftsmål. Venstre vil at berekraftmåla blir lagt til grunn for utviklinga av Sogndal kommune, med lokale målsettingar og tiltak.



Ingen kan gjera alt, men alle kan gjera litt. Me vil at borna og borneborna våre skal ha minst like gode og trygge liv som me har i dag. Me vil ta berekraft på alvor.

## Saman byggjer me *ein* ny kommune

Å byggja nye Sogndal kommune er krevjande og inspirerande. Dagens kommunar har gode kvalitetar som må takast vare på. Samstundes skapersamanslåinga eit rom for vidareutvikling. Sogndal Venstre vil bruka valperioden til å byggja ei solid plattform for vår nye kommune som styrkar og fornyar lokaldemokratiet.

Eit godt lokaldemokrati kjem ikkje av seg sjølv. Det er avgjerande at innbyggjarane i alle delar av kommunen har tillit til politikarar og administrasjon. Som folkevalde skal me utøva ombodsrolla vår med integritet. Det krev at me tek folk på alvor, og at administrasjon og politikarar legg til rette for reell medverknad og openheit i saker og prosessar.

Me skal også ivareta god folkevald styring. Forvaltning av kommunen sine ressursar skal tena fellesskapet og vera i tråd med det innbyggjarane forventar og opplever som rett. Venstre vil styrka folkevaldopplæringa. Me vil betra rutinar som ivaretak openheit, folkevald styring, kontroll og tydeleg samfunnsansvar i alle typar kommunalt eigarskap, uavhengig selskapsform.

Venstre vil arbeida for meir openheit fordi ytringsfridom og pressefridom er grunnleggande verdiar i demokratiet, også lokalt. Både tradisjonelle og nye media er viktige arenaer for den offentlege samtalens, der alle kan få tilgang til samfunnsinformasjon, kritikk og ta del i debatten. Sogndal Venstre vil at innbyggjarar og politikarar skal engasjera seg i samfunnsdebatten. Me vil arbeidafor eit inkluderande ordskifte der det ikkje er rom for truslar, sjikane og andre verkemiddel som hindrar frie ytringar.

Sogndal Venstre vil:

- at nye Sogndal kommune skal vera ein open kommune, praktisera meiroffentlegheit og følgja råd om openheit frå pressas offentlegheitsutval
- arbeida for fast strøyming av kommunestyremøte, formannskaps- og utvalsmøte
- ta i bruk digitale løysingar for å styrka innbyggardialogen og støtta opp om andre kanalar for medverknad
- at kommunen skal sikra tidleg og reell medverknad hjå innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar
- at kommunen skal ha faste ordførar-kontordagar i bygdene og tettstadane
- styrka ungdomsrådet si rolle, m.a. med talerett i kommunestyret og etablere eige fond til deira disposisjon
- jobba for opne prosessar der næringsliv, utviklarar, kulturaktørar og innbyggjarane jobbar saman. Kommunen må vera inkluderande og involverande.
- styrka folkevaldopplæringa som gjeld eigarstyring og kontroll
- jamnleg revidera eigarskapsmelding, med strategiar for kommunalt eigarskap slik at det er tydeleg kva kommunen vil
- sjå til at kommunale selskap utarbeider og jamnleg reviderer etiske retningsliner for si verksemd
- at kortsiktige økonomisk omsyn skal vika for langsiktige miljøomsyn og ei rettvis, berekraftig samfunnsutvikling basert på fridom, framtid og fellesskap

## **Sogndal Venstre prioriterer**

- Naturen er livsgrunnlaget vårt. Det er viktig å jobba både lokalt og globalt for å sikra biologisk mangfald, kjempe mot forureining, og gjera konkrete tiltak for å verne miljø og redusere klimatrusselen.
- Eit grønt, variert og konkurransedyktig næringsliv er avgjerande for levande lokalsamfunn og eit godt velferdsnivå. Me vil vidareutvikla Sogndal som ein attraktiv kommune for reiseliv og anna næringsverksemd, utdanning og forsking, og som lokaliseringsstad for statleg og fylkeskommunal verksemd.
- God oppvekst og utdanning er viktig for at alle skal kunne skapa seg gode liv, og for å jamna ut sosiale, økonomiske og helsemessige skilnader. Me vil at alle born skal kunne gå i barnehage, på SFO og delta på fritidsaktivitetar.

## Venstres verdiar

- Venstre er det sosialliberale partiet i Noreg. Me står opp for felles liberale verdiar. Venstre forsvarer personvernet, ytrings- og organisasjonsfridomen, og er fristilt frå særinteresser.
- Me trur på det gode i mennesket, på skaparkrafta og ansvarskjensla til den enkelte og at alle skal kunne utvikla eigne evner til beste for seg sjølv og for samfunnet. Me trur på gode og trygge fellesskap der me stiller opp for kvarandre. Me trur på eit samfunn som ser og støttar folk, og som tek vare på miljøet og jordas ressursar. Difor er Venstre på lag med framtida.

## Politikken

### God oppvekst og utdanning for alle

Sogndal er ein god kommune å veksa opp i. Me har trygge lokalsamfunn, og skular og barnehagar i landstoppen. Men også Sogndal har utfordringar med mobbing, barnefattigdom og utanforskap. God oppvekst og utdanning er viktig for at alle skal kunne skapa seg gode liv, og for å jamna ut sosiale, økonomiske og helsemessige skilnader. Me vil at born i alle delar av kommunen skal kunne gå i barnehage, på SFO og fritidsaktivitetar, uavhengig av bakgrunn og økonomisk situasjon.

Venstre vil...

- planleggja ny barneskule i Sogndal sentrum
- planleggja ny natur-/friluftsbarnehage på Kaupanger
- jobba for gratis barnehagetilbod og SFO for låginntektsfamiliar
- sikra eit godt barnehagetilbod med god bemanning i alle delar av kommunen, særleg med tanke på tilstrekkeleg ressursar for å ivareta framandspråklege born
- sikra eit godt og mangfoldig innhald i SFO-tilbodet i alle delar av kommunen
- vidareføre satsing på vidareutdanning for pedagogar og assistenter, auka mangfold og betre kjønnsbalanse i barnehage, skule og SFO
- styrka det førebyggande miljøarbeidet - me skal ha nulltoleranse for mobbing!
- jobba for ein skulestruktur med små reiseavstandar mellom heim og skule
- at skular og barnehagar har gode inne- og uterom, som stimulerer leik og kreativitet

- leggja til rette for at skular og barnehagar kan ta naturen og musea aktivt i bruk som læringsarena
- jobba for 1 time dagleg fysisk aktivitet i alle klassetrinn
- styrka tilbodet av kreative, praktiske fag og valfag, for å auka lærerlyst og skapekraft
- stimulera teknologiforståing og byggja digital kompetanse hjå lærarar og elevar
- halda fram det gode entreprenørskapsarbeidet og samarbeidet mellom skular og næringsliv bl.a. støtte opp om og bruke Vitensenteret som kreativ læringsarena
- prøva ut tilbod om sunn skulemat, t.d. saman med vidaregåande skule, anna kommunal aktivitet eller ideelle organisasjonar
- styrka helsestasjon og skulehelseteneste, t.d. meir tid i skular og barnehagar, og lågterskel-tilbod for foreldre og familiar
- styrka tidleg og samtidig innsats for å hjelpa sårbare barn og familiar, gjennom godt samarbeid mellom alle som jobbar med born og unge

## Eit trygt og brukarretta helse- og omsorgstilbod

I Sogndal har me høg kvalitet på helse- og omsorgstenestene våre. Med eit aukande tal eldre og brukarar med samansette behov, må me planleggja for at me skal gje tilbod til fleire, samstundes med at tenestene skal ha god kvalitet. Difor treng me ulike og nye løysingar for helse-, omsorgs- og sosialtenestene våre. Me vil ha tilbod med god fagleg kompetanse. Tenestene må vera nære, fleksible, tilgjengelege og tilpassa den enkelte sitt behov. Me vil leggja vekt på tidleg og førebyggande innsats, særleg knytt til psykisk helse hjå barn og unge.

Venstre vil...

- at tenester i størst mogeleg grad blir tilpassa kvar enkelt sine behov, og at folk er sjef i eige liv
- leggja til rette for at flest mogeleg kan bu lengst mogeleg heime og i nære og godt tilpassa omsorgsbustader
- ha tverrfaglege og nære kvardagstenester i lege- og helsestasjonstilbodet, som i dag
- gje nære og differensierte frisklivstilbod, eller andre lågterskel tilbod for betre rusomsorg, fysisk og psykisk helse
- leggja til rette for trygge digitale løysingar og konsultasjonar som sikrar rask tilgang til rett kompetanse, med minst mogeleg kostnad for pasientar og tilsette
- bruka velferdsteknologi for ein tryggare kvardag, meistring i eige liv og smarte arbeidsmåtar
- leggja til rette for vidareutdanning i helse- og sosialfaga som sikrar rekruttering og nødvendig kompetanse for eit godt primærhelsetilbod og akuttberedskap
- finne gode løysingar som sikrar betre akuttberedskap for Balestrand
- ha fokus på tverrfagleg kompetanse og samhandling mellom tenester og sektorar
- støtta og samarbeida med ideelle og private aktørar, der dette bidreg til nødvendig kapasitet og mangfold i tilbodet
- tryggja rettane som alle menneske har til nødvendig helsehjelp, og sikra at papirlause innvandrarar og andre sårbare grupper får slikt tilbod
- planleggja for god sosial bustadbygging, blant anna at fleire kan bu i eigen bustad
- styrka dagtilbodet for eldre og demente i og utanfor institusjon
- prøva ut alternative arbeidsmåtar som styrkar tryggleik og stabilitet for sårbare brukarar
- styrka ordninga med brukarstyrt personleg assistanse - alle skal kunna leva aktive og gode liv

- vere foregangskommune for å jobba med sosiale entreprenørar, som å søka nye private løysingar innanfor oppvekst, aktivitets- og omsorgstilbod
- vidareutvikla Sogndal ressurscenter, og samarbeide med andre tilbod og verksemder som bidreg til inkludering, arbeidstrening og tilgang til jobb for fleire
- jobba for at Sogndal kommune blir med i nettverket Sunne kommuner

## Mangfald i kultur- og fritidstilbodet

Kultur bind folk saman, skaper identitet og utgjer viktige arenaer for meistring, inkludering og levande lokalsamfunn. Venstre vil difor at kulturlivet skal vera ein sentral medspelar i utviklinga av Sogndal kommune. Me vil at alle innbyggjarar skal ha eit breitt kulturtilbod. Me vil jobba for ein aktiv og skapande kulturkommune som tek vare på og formidlar vår rike kulturarv, legg til rette for profesjonelle kunst- og kulturaktørar, styrkar organisasjonslivet og mangfaldet av aktivitet innanfor idrett og friluftsliv.

Venstre vil...

- ha gode vilkår for bruk av hallar, banar og kulturlokale for frivillede lag og organisasjonar i alle delar av kommunen, også sentrumsnære tilbod som stimulerer kreativitet, uorganisert leik og fysisk aktivitet
- halda fram planlegging av fleirbruksstall i Sogndal, som sikrar og utfyller mangfaldet av aktivitet, i kommunen og regionen
- utvikla breie kulturskuletilbod og ha gratis tilbod for born i låginntektsfamiliar
- innføre kultur- og fritidskort for born og ungdom mellom 6 og 18 år
- støtta initiativ som styrkar dei organisasjonseigde grende- og ungdomshusa, t.d. Bygdahuset i Balestrand
- etablere ei "BUA-ordning" for utstyrsutleige som er tilgjengeleg i alle deler av kommunen
- ta initiativ til ein utviklingsplan for Solhov i Sogndal
- vidareføra arbeidet med samordna kultur- og bibliotektilbod i Saften på Leikanger
- at kommunen har eit aktivt forhold til vertskapsrolla for musea i kommunen
- jobba for auka og meir føreseielege støtteordningar for bokbyen i Fjærland
- at Sogndal søker Friby-status, med Balestrand og Fjærland som aktuelle vertskapsbygder for forfulgte forfattarar og kunstnarar
- støtta opp om frie initiativ til "skaparhus" og lågterskel tilbod, som t.d. kulturspiren
- gi gode vilkår for bruk av hallar, baner og kulturlokale, for frivillede lag og organisasjonar i alle delar av kommunen, også sentrumsnære tilbod som stimulerer uorganisert leik og fysisk aktivitet
- halda fram planlegging av fleirbruksstall i Sogndal, som sikrar og utfyller mangfaldet av aktivitet, i kommunen og regionen
- samarbeide med studentorganisasjonane om styrking av kultur- og aktivitetstilbod, og vurdere ei kulturkort-ordning for studentar
- vidareføre gode "ung-transport-ordningar" og jobbe for betre gjennomgåande kollektivtilbod
- at kommunen skal bruka ungdomsrådet, kulturrådet, idretts- og friluftsrådet som aktive samarbeidspartnarar
- styrka dei kommunale tilskotsordningane til den breie kultursektoren
- stimulera utvikling av berekraftig friluftsliv med t.d. stirydding, sykkelruter, klatre- og buldreanlegg, fjordaktivitet, og etablering av naturmøteplassar

- støtta festivalar og særeigne kulturarrangement, og bruka dei aktivt i å profilera kommunen
- lage frivilligplan, med mål om å styrka vilkåra for frivillig sektor og ivareta eldsjelene
- styrka frivilligsentralane som verktøy for å koordinere og stimulera samarbeid mellom kommune, frivilligkeit og næringsliv
- bruka biblioteka som lågterskel arena for fri ytring, kulturformidling, læring, deling og inkludering. Biblioteka skal vera tilgjengelege, også utanom ordinære opningstider
- at kommunen aktivt legg til rette for profesjonell kulturformidling, m.a. gjennom ordninga med kulturell spaserstokk og kulturell skulesekk
- at kultursektoren legg til rette for ulike kulturaktørar, m.a. senioruniversitetet og folkeuniversitetet
- ha oppdaterte kulturminneplanar for heile kommunen, og bruka desse aktivt i stadsutvikling og kommunal planlegging
- jobba for ny næringsutvikling med kopling mellom kunst, kultur og berekraftig reiseliv

## Eit grønare og klimavennleg Sogndal

Naturen er livsgrunnlaget vårt, og Sogndal skal ha høge ambisjonar for klimaomstilling og miljø. Måten me bruker naturen på i dag truar grunnlaget for mattryste, vekst, velstand og naturopplevingar for kommande generasjonar. Det er viktig å jobba både lokalt og globalt for å sikra biologisk mangfald, kjempa mot forureining, og gjea konkrete tiltak for å verna miljø og redusere klimatrusselen.

Arealendringar er i dag den viktigaste trusselen for naturmangfaldet. Det er difor særleg viktig å sikra ei heilsakleg planlegging der ein ser verknader for naturmangfaldet i samanheng for større område og fleire tiltak. Venstre vil forvalta naturen slik at planter og dyr vert sikra levedyktige bestandar, og at variasjonen av naturtypar, landskap og geologi vert ivaretaken.

Venstre vil...

- ta initiativ til eit samarbeid med nabokommunane rundt Sognefjorden om tiltak som reduserer avrenning, utslepp og vernar økosystemet i og rundt fjordarmane
- leggja verdsarvkrava til grunn for all cruisetrafikk i Sognefjorden
- aktivt bidra til reine fjordar, vatn, elver og strender i Sogndal kommune - fri for plast og anna forureining, stimulere til strandrydding, flest mogeleg husstandar/bygg kopla til kommunalt VAR-system, restriktiv politikk for utslepp
- at Sogndal skal ha ein heilsakapeleg plan for å verna urørt natur, og føre ein arealpolitikk som ivaretak biologisk mangfald, styrkar jordvern og søker løysingar på utbyggingsbehov innanfor allereie nedbygd/utbygd areal
- jobba systematisk med tilsyn og forbetring av vass- og avløpssistema i kommunen
- at kommunen skal ha høge ambisjonar for å redusere klimagassutslepp
- at kommunen skal gå føre som eit godt døme ved å prioritera miljøvenlege og energieffektive offentlege bygg, og bruka meir treverk og andre materialar med låg miljøbelastning i kommunale byggjeprosjekt
- arbeida for størst mogleg grad av gjenbruk av eksisterande bygg
- at kommunale byggjeplassar skal vera utsleppsfree innan 2021
- jobba for at kommunen ved utskifting av bilparken går over til utsleppsfree tenestebilar
- redusera bruken av vegsalt og ta i bruk andre, mindre miljøskadelege måtar å sikra vegane våre
- at kommunen legg til rette for meir bruk av videomøte, samkjøring og bruk av kollektivtransport for å redusere eiga reiseverksemd

- at Sogndal blir sykkel-kommune, prøva ut ordningar for utelege av el-sykkel og "el-bygdesykkel" i tettstadene våre.
- utarbeida sykkelstrategi for tettstadane våre
- ha årlege vårkampanjar mot forsøpling og forureining, med gratis leveranse av metallskrap og anna avfall frå private hushaldningar
- ta i bruk løysingar som bidreg til energisparing og reduserer lysforureining
- unngå utbygging av vasskraft i urørt natur og heller konsentrere seg om dei vassdraga som allereie har inngrep frå før
- arbeida for at kraftliner førast i sjøkabel som eit mogleg alternativ til høgspentliner i luftspenn
- arbeida for å redusere matsvinn gjennom å kople institusjonar som har behov med aktørar som sit med uutnytta matressursar, og stimulere til samarbeid mellom skule, landbruk og fruktodyrking for læring om matproduksjon
- setja inn tiltak mot spreiling av mikroplast og gummikuler frå idrettsbanar
- innføra turistskatt for å finansiera betre relevant infrastruktur

## Samarbeid om nærings- og samfunnsutvikling

Eit mangfaldig og konkuransedyktig nærings- og arbeidsliv er avgjerande for å utvikla lokalsamfunna og god velferd for innbyggjarane. Venstre vil byggja på Sogndals mange natur- og kulturverdiar, og menneskelege ressursar. Me vil jobba for eit arbeidsliv som legg til rette for at alle kan bidra ut frå eigne evner og kapasitet. Me vil stimulera grøn konkurransekraft og leggja særleg til rette for grunderar, små og mellomstore verksemder. Samstundes skal me vidareutvikla kommunen som ein attraktiv lokaliseringsstad for utdanning, forsking og offentleg forvaltning. Betre kommunikasjonstilbod internt i og ut av kommunen er ei viktig prioritering.

Venstre vil...

- styrka det kommunale nærings- og utviklingsarbeidet, m.a. strategisk samarbeid mellom næringsliv, forsking og andre regionale utviklingsaktørar
- ha eit aktivt næringsapparat som er tilgjengeleg i alle delar av kommunen, og er drivkraft for næringsutvikling i Sogn
- stimulera lokal konkurransekraft, grøn omstilling og nyskapande løysingar m.a. gjennom innkjøpspolitikken, og med differensierte avgifter og gebyr
- vera ein digital kommune, med framtdsretta løysingar og tenester for innbyggjarar, nærings- og samfunnsliv
- utvikla strategi for utdannings-, forskings- og studiekommunen Sogndal, m.a. med mål om at fleire elevar og studentar registerer flytting til og blir buande i Sogndal etter fullført studie
- jobba systematisk med å utvikla Leikanger som lokaliseringsstad for statleg og fylkeskommunal forvaltning
- styrka og vidareutvikle tettstaden Sogndal som attraktivt regionsenter og knutepunkt for offentlege og private tenester i Sogn og Vestland fylke
- støtta opp om grøne, tradisjonsrike næringar som nye Sogndal kommune er sterke på, inkludert landbruk, frukt- og bærproduksjon og vidare foredling
- vidareutvikla Balestrand og Fjærland som internasjonale fyrtårn for unike natur- og kulturopplevelingar
- stimulera sosialt entreprenørskap og vera opne for offentleg-private løysingar som kan supplera det ordinære tenestetilbodet

- jobba for at Sogndal blir ein føregangskommune i kampen mot utanforskap og diskriminering i arbeidslivet. Minst 5% av alle nytilsettingar i Sogndal kommune skal omfatte menneske med hol i CV'en eller nedsett funksjonsevne
- støtta og vidareutvikle samarbeidet om Ungt entreprenørskap
- at kommunen legg til rette for lærepllassar/lærlingar
- ha eit godt rutetilbod i kollektivtilboden for arbeidstakarar som pendlar innad i regionen
- sikra eit føreseieleg og godt flytilbod, m.a. med nattstasjonert fly på Haukåsen
- jobba for hyppigare frekvens på ferjesambandet Hella - Dragsvik - Vangsnes
- ta initiativ til at Hella-Dragsvik-sambandet blir pilot for autonom ferjedrift
- jobba for utbetring av rv 55 Hella - Leikanger og at Vikafjellsvegen blir prioritert fram som viktig samanbindingsveg mellom Bergen og Sogn, og omkjøringsveg for E16.

## Attraktive nærmiljø og tettstader

Venstre vil arbeida for god tettstadutvikling i heile kommunen. Trivel, tryggleik, tilgang til tilbod og tenester, sosiale møteplassar, varierte bustadtildot og gode kvalitetar i den fysiske tettstadforminga er viktig både for busetjing og næringsutvikling. Sogndal kommune har både spreidd og tett busetnad. Det skal vere tilgang på tomter og godt å bu i alle delar av kommunen. Venstre vil utvikle Sogndal som sterkt regionsenter med attraktive tilbod og funksjonar. Med regionsenteret meiner me tettstaden Sogndal og næringsparken på Kaupanger.

Ei framtidsretta tettstadutvikling er klima- og miljøvennlig. Venstre vil leggja vekt på berekraftig arealutnytting, fortetting med gode bukvalitetar og nærmiljø, og stimulere til at fleire går, syklar og reiser kollektivt til og frå kvar dagsgjeremål.

Venstre vil...

- utvikla levande, trygge, aktive og attraktive tettstader
- ha eit variert bustadtildot og tilgang til tomter i alle deler av kommunen m.a. vidareføre planar i Balestrand sentrum og Henjabakkane på Leikanger
- at tettstadene dekkjer innbyggjarane sine primærbehov innan handel og servicetenester
- utvikla Sogndal som regionsenter med breie tenestetildot og funksjonar innanfor handel og næringsliv, kultur, helse, idrett og utdanning.
- styrka urbane kvalitetar og bumiljø i Sogndal sentrum, ha ei estetisk og funksjonell opprusting av Fjørevegen og tilgrensande offentlege område
- utvida sentrumsparken i Fjøra, med større mangfold av aktivitet også for ungdom, eksempelvis skatepark, balløkke, skøytebane, klatrepark med meir
- utvikla nærsenteret Kaupanger, og at Kaupanger næringspark er prioritert område for plasskrevande handel og næring
- utvikla Leikanger som lokalsenter og administrasjonsstad for kommunen, fylket og staten
- utvikla Balestrand og Fjærland som lokalsenter og internasjonalt anerkjende reisemål
- unngå unødig nedbygging av dyrka mark og urørt natur, og jobba for at kommunen vert arealnøytral. Arealnedbygging er den største trusselen mot biomangfald.
- planleggja framtidsretta og føreseieleg lokalisering av handel og næring i sentrum
- redusere overflateparkering i sentrumsområda, med betre bruk av areal til næring, bustader, aktivitets- og parkområde
- leggja til rette for korte avstandar mellom bustad, fritids- og kvar dagsgjeremål

- ha varierte bustadtilbod også i sentrumsnære område, og satsa på grøntområde og gode leikeplassar, slik at det er attraktivt for barnefamiliar å bu sentrumsnært.
- redusera krav til parkeringsareal i sentrumsområda
- ha samanhengande gang- og sykkelfelt mellom bustadområde og daglege gjeremål, samt etablere sykkelparkering med tak og lademoglegheiter
- prioritere gatelys og brøyting og kosting av gang- og sykkelvegar
- prøva ut bygdesykkelordning i alle tettstadene
- prøva ut nye kollektivløysingar t.d. etter modell frå Hent Meg-ordninga i Sauda og Bø, og hyppigare avgangar på viktige strekningar
- utarbeida ein estetikk- og byggjeskikkrettleiar som skal sikra nye og eksisterande arkitektoniske kvalitetar, bygningsmiljø, sær preg, identitet og kulturminneverdi
- tillate gatekunst på fleire offentlige veggar som står utan utsmykking

# Sogndal Venstre sine kandidatar.

- 1. Trude Risnes**, Leikanger
- 2. Bjarte Haugen**, Fjærland
- 3. Eva Ramstad**, Kaupanger
- 4. Jan Arild Rømmen**, Leikanger
- 5. Are Kvistad**, Sogndal
- 6. Kari Kvikne**, Balestrand
- 7. Maria Knagenhjelm**, Kaupanger
- 8. Marit Mellingen**, Leikanger
- 9. Eyvind Øgar**, Sogndal
- 10. Tobias Dahle**, Leikanger
- 11. Else Mundal**, Fjærland
- 12. Christen Knagenhjelm**, Kaupanger
- 13. Halvor Gregusson**, Sogndal
- 14. Jarle Geithus**, Balestrand
- 15. Torbjørn Dale**, Sogndal
- 16. Renate Buene**, Kaupanger
- 17. Jarle Bøyum**, Leikanger
- 18. Jon Farestveit**, Sogndal
- 19. Arnt Ola Fidjestøl**, Leikanger
- 20. Jon Asbjørn Målsnes**, Balestrand
- 21. Hans Haugen**, Fjærland
- 22. Trude Knutzen Knagenhjelm**, Kaupanger
- 23. Ingunn Torstad Løvik**, Sogndal
- 24. Mats Feigum**, Kaupanger
- 25. Sigrid Svartefoss**, Leikanger
- 26. Trude Ramstad**, Kaupanger

På topp: Trude Risnes flankert av Bjarte Haugen og Eva Ramstad.





*Venstre har ingen bindingar  
til særinteresser*

## Trude Risnes

ordførarkandidat

Eg er 48 år, seniorrådgjevar og bur på Leikanger der eg har vore varaordførar den siste valperioden.

Eg stiller til val for Venstre fordi eg trur på ei samfunnsstyring som gjev folk makt og ansvar for eige liv, og samstundes bygger sterke fellesskap der vi tek ansvar for kvarandre og for natur og miljø.

Eg er oppteken av å utvikle Sogndal som ein open og inkluderande kommune. Alle deler av befolkninga, frivillige lag og næringslivet må trekkast aktivt med. Venstre har ingen bindingar til særinteresser.

Dei siste åra har eg kome tett på helse- og omsorgstenestene våre. Eg ser kor viktig det er å ha tilsette og system som ønskjer å finne



gode løysingar for kvar enkelt, med meistring og mynde i eige liv. Eg veit kor viktig samarbeidet med frivillige er.

Som representant for Venstre vil eg vidareutvikle eit helse- og omsorgstilbod som er i forkant og legg vekt på førebygging, t.d. at fleire kan bu lengre i eigen heim. Eg vil jobbe for større mangfold i løysingar som ivaretak ulike behov. Eg vil legge til rette for godt samarbeid med pårørande, frivillige og sosiale entreprenørar. **Godt val!**

## Sogndal Venstre prioriterer:

**Naturen er livsgrunnlaget vårt:** Det er viktig å jobba både lokalt og globalt for å sikra biologisk mangfold, kjempe mot forureining, og gjera konkrete tiltak for å verne miljø og redusere klimatrusselen. Ei av dei viktigaste oppgåvene vi har er å ta vare på Sognefjorden.

**Grøn vekst og nyskaping:** Eit grønt, variert og konkurranse- dyktig næringsliv er avgjeraande for levande lokalsamfunn og eit godt velferdsnivå. Me vil vidareutvikla Sogndal som ein attraktiv

komune for reiseliv og anna næringsverksemd, utdanning og forsking, og som lokaliseringsstad for statleg og fylkeskommunal verksemd.

**Ein god stad å vekse opp:** God oppvekst og utdanning er viktig for at alle skal kunne skapa seg gode liv, og for å jamna ut sosiale, økonomiske og helsemessige skilnader. Me vil at alle born skal kunne gå i barnehage, på SFO og delta på fritidsaktivitetar.

*Heile programmet: [venstre.no/sogndal](http://venstre.no/sogndal)*



@sogndalvenstre

## **Bjarte Haugen, 2. kandidat**

Eg er 46 år, ingeniør og bur i Fjærland. Eg er oppteken av eit næringsliv som er tufta på lokale krefter og ressursar som spelar på lag med naturen. Sjølvråderett og lokalt eigarskap saman med ansvarlege arbeidsgjevarar bør premierast slik at me som lever her skal ha lokal styring over eigne ressursar og arbeidsplassar som me er stolte av. Å bruke andre sin suksess som inspirasjon er viktig og me skal tote å rose dei som lukkast.



Me er alle forskjellige, og di meining er viktig for meg i politikken. Eg er liberal og lite dommande og bryr med ikkje kvar du kjem i frå, men vil gjerne vite kor du skal.

## **Eva Ramstad, 3. kandidat**

Eg er 74 år, er pensjonert lærar og bur på Kaupanger. Eg har lang politisk erfaring frå Sogndal og har i mange år jobba aktivt for å betre kvarldagen til både unge og eldre. Eg er særleg oppteken av at alle elevar skal få god og tilpassa opplæring.



Kultur- og organisasjonslivet er ei livsnerve i alle lokalsamfunn. Felles opplevingar innan kunst, kultur og idrett bind folk saman, og eit godt kulturtilbod blir difor ekstra viktig no når vi skal slå saman Balestrand, Leikanger og Sogndal til ein kommune. Eg ønskjer meg gratis kulturskuletilbod for born i låginnkomstsfamiliar og at vi skal innføre kultur- og fritidskort for born og ungdom mellom 6 og 18 år.

## **Jan Arild Rømmen, 4. kandidat**

Eg er 66 år, advokat og bur på Leikanger. Eg har vore Venstre-veljar i alle år på grunn av grunnverdiane til Venstre. Spesielt vil eg dra fram miljø- og naturvern. Me må berga jordkloden for dei neste generasjonane!



Lokalt er eg spesielt oppteken av at me må forvalta Sognefjorden optimalt. Dette er ein terskelfjord som er særleg sårbar. Alt av utslepp må minimerast. Så må me bevara lokale lakse- og sjøaurestamar, sjøkreps, kvitfisk, ja gjera alt me kan for at fjorden kan bli mest mogleg levande til beste for oss som bur her og for tilreisande. Vi treng kontinuerleg forsking på dette feltet. Kva med å forby kommersielt brislingfiske i eit visst tal år og redusera på kobbane for å prøva å ta fjorden tilbake til der den var?

## **Are Kvistad, 5. kandidat**

Eg er 52 år, seniorrådgjevar og bur i Sogndal. Eg meiner det er viktig at politikarane både legg til rette og stiller krav for utvikling av tettstadane våre. Trivsel, tryggleik, tenester, møteplassar, grøntområde og varierte bustadtilbod er viktig for busetjing og næringsutvikling. Eg ønskjer meg betre tilrettelegging for dei som vil gå, sykle og reise kollektivt til og frå kvardagsgjermål.



I ein region med mykje spreidd busetting er det viktig å styrke Sogndal som sterkt regionsenter med attraktive tilbod og funksjonar innan handel og næringsliv, kultur, helse, idrett og utdanning. Samtidig må me utvikla Kaupanger, Leikanger, Balestrand og Fjærland som eigne lokalsenter med gode nærtilbod.